



L B Bevertning AS v/Ann Louie Bjørkedal
Hallane 30 A
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/916 - 18/10887

Saksbehandlar:

Ingunn Øvretveit

Ingunn.Ovretveit@lindas.kommune.no

Dato:

05.04.2018

Prikktildeling for brot på § 10-3 i alkoholforskrifta

Lindås kommune har den 12.03.18 mottatt rapport frå kontroll av skjenkeløyve frå Alkoholkontrollen. Rapporten er signert av kontrollør og ein ansvarleg frå Lindås brygge. I rapporten kjem det fram brot på §10-3 i Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v (alkoholforskriften)4 ledd, 8 setning. Ved eit slikt brot er konsekvensen at kommunen skal tildela 1 prikk.

Prikktildeling kan berre skje dersom kontrollen er gjennomført i tråd med føresegnene i kapittel 9 i alkoholforskrifta, og Lindås kommune finn at dette er oppfylt. Lindås kommune sendte ut førehadsvarsel om tildeling av prikk datert 13.03.18. I varselet vart det opplyst om retten til uttale, og frå verksemda har det ikkje kome uttale.

§ 10-2.Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.

Konsekvensar ved ytterlegare brot

Kommunen pliktar også å informera om konsekvensar ved ytterlegare brot på alkohollova med forskrift. Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarende.

Ved berekning av toårsperioden skal overtredingstidspunkta leggest til grunn.

Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden, jf. alkoholloven § 1-6. Ved overdraging byrjar ny periode på overdragingstidspunktet, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.

Vedtak:

Lindås brygge vert tildelt 1 prikkar for brot på §10-3 i Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v (alkoholforskriften) 4. ledd, 8 setning.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom ein ikkje nyttar klageretten direkte etter einskildvedtaket, kan ein likevel klaga på dette i samband med klage på seinare vedtak om inndraging dersom prikktildelinga er ein del av grunnlaget for inndraginga.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt saksbehandlar

Med helsing

Reidun Sæbdal
einingsleiar

Ingunn Øvretveit
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

L B Bevertning AS v/Ann Louie
Bjørkedal
Lindås Brygge

Hallane 30 A 5955
c/o LB Bevertning 5955
AS Hallane 30A

LINDÅS

LINDÅS